STRATEGIPLAN FOR JÆRMUSEET 2021–2025





Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet





Foto: Lasse Øglænd

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



Foto: Unn Iren Thorsen / Jærmuseet

«Forvaltar fortida, fangar samtida, formar framtida»

JÆRMUSEET

OPPLEV · DELTA · UTFORSK

OM
JÆRMUSEET

REGIONMUSEUM FOR JÆREN OG REGIONALT VITENSENTER FOR ROGALAND
Jærmuseet blei stifta i 1985 og er regionmuseum for kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Time. Museet har i dag 13 opne publikumsanlegg og er til stades i alle stiftarkommunane.
I 2003 blei Jærmuseet regionalt vitensenter for Sørvestlandet, utpeika av Kunnskapsdepartementet, (Vitensenteret Sør-Vest). Vitensenteravdelingane våre er Vitengarden, Vitenfabrikken, Science Circus (vårt vitensenter på hjul) og Vitenvågen under planlegging.

Kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet ein unik profil.
Kjerneaktiviteten i eit vitensenter er populærvitskapleg formidling av realfag.
Som museum knyter me formidlinga av naturvitskap og teknologi til dei kulturhistoriske rammeforteljingane om regionen.

DEN KULTURHISTORISKE FORANKRINGA
Natur, næringsgrunnlag og kultur i Jærregionen byr på variasjonar og kontrastar mellom hav og hei, mellom by og bygd, mellom det rurale og urbane. Jordbruk og industri har vore berebjelkane i nyare tid. Samspelet mellom desse næringane har vore ei drivkraft i den økonomiske og kulturelle utviklinga og forma førestillinga om «den driftige jærbuen».

– Og utanfor i vest, bryt storhavet mot farefulle strender. Trass dramatiske forlis skapte ressursane i havet vekstgrunnlag for heile regionen, og havet og leia var den sentrale ferdselsvegen for varer til og frå. Seinare kunne jærbuen dra ut i verda frå Norges første sivile flyplass, som samtidig var, og er, ein viktig militærstrategisk base i forsvaret av Norge.

Gjennom Arne Garborg sitt forfattarskap er dette landskapet, kulturen og folket med sine voner og draumar løfta til ein plass i verdslitteraturen.


Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet

HOVUD
ARBEIDSOMRÅDE

I planperioden legg Jærmuseet særleg vekt på desse arbeidsområda:
- Samfunnsrolla og samfunnsoppdraget
- Forsking og kunnskapsutvikling
- Relevant formidling
- Samlingsutvikling
- Forankring
- Forretning
- Organisasjonsutvikling.


Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet


Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet

PRIORITERTE TEMA:
- Nyare landbrukshistorie, samtidsdokumentasjon av det moderne landbruket, samt landbruksrelatert industri.
- Kystverket sitt virkefelt og moderne havbruk
- Regional industrihistorie
- Sandnes si byhistorie
- Militærhistorie og sivil luftfart, med utgangspunkt i aktivitetar knytt til Sola flyplass
- Tema som har relevans og tilknyting til Arne og Hulda Garborgs liv og virke.

JÆRMUSEET
I SAMFUNNET

OVERORDNA MÅL:

Jærmuseet skal utvikla samfunnsrolla slik at publikum opplever Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande, og oppmuntra til vidsyn og tvisyn.

SAMFUNNSROLLA/SAMFUNNSOPPDRAGET – MUSEUM OG VITENSENTER:

Musea og vitensentera er sentrale aktørar i den grunnleggande infrastrukturen for demokrati, frie ytringar og det ueinigheitsfellesskapet som dannar rammene for eit aktivt og reflektert samfunnsengasjement.

Som del av det nasjonale museumsnettverket skal Jærmuseet skapa rom for at ulike meiningar kan møtast og brytast. Museet sine samlingar og formidling skal bidra til dei felles historiene om Norge.

Som vitensenter løftar me fram naturvitskap, matematikk og teknologi som del av den felles kulturarven og almenndanninga.

Museet sine handlingar og aktivitetar skal til ei kvar tid bygga på ICOM sitt museumsetiske regelverk.



I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Løfta fram tema som er aktuelle, relevante og gjerne kontroversielle for folk i vår region.
- Utøva samfunnsrolla i dialog, samarbeid og samskaping med breie publikumsgrupper som speglar eit mangfald av kulturell og sosial bakgrunn.
- Auka kunnskapen om og betra forståinga for samanhengane mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid, nåtid og framtid.
- Legga til rette for aktivitetar som oppmuntrar til innovasjon og nyskaping, og auka merksemda på berekraft, klima og miljø.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:

Årlege handlingsplanar, fagplanar, undervisingstilbod og andre aktivitetsprogram




Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet



Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet

FORVALTNING -
SAMLINGSUTVIKLING OG TRYGG IVARETAKING

OVERORDNA MÅL:
Jærmuseet skal ha ei berekraftig utvikling av samlingane sine. Samlingane skal vera relevante for forsking og formidling, for forteljingane om Jæren og historiene om Norge.

MÅL FOR SAMLINGSFORVALTNINGA:
Jærmuseet sine samlingar skal vera ein ressurs for samfunnet.

• SAMLINGSUTVIKLING I JÆRMUSEET
Jærmuseet skal ha ei heilskapleg samlingsforvaltning tufta på ICOM sitt museumsetiske regelverk, og ei berekraftig utvikling av samlingane. Samlingane skal vera relevant for forsking og formidling.

Jærmuseet skal fortsetta arbeidet med å forvalta kulturmiljø, handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv særleg knytt til tradisjonshandverk, arbeidsmåtane i landbruket, mattradisjonar og språk.

Jærmuseet skal invitera publikum med på å dokumentera ulike fenomen og hendingar i samfunnet gjennom minner.no eller andre minnebankar.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:
- Gjera samlingane mest mogleg digitalt og fysisk tilgjengeleg for publikum.
- Få eit best mogleg oversyn over samlingane, utvikla gode metodar for samlingsforvaltning og ha eit planverk som støttar opp om dette arbeidet.
- Samlingsutviklinga i Jærmuseet skal tuftast på faglege diskusjonar og sjåast i samanheng med andre kjerneoppgåver i museet som forsking, anna kunnskapsutvikling og formidling.
- Jærmuseet skal arbeida for regional og nasjonal koordinering av samlingsarbeidet innan museet sine arbeidsfelt, og bidra til ei dekkande, balansert og berekraftig samlingsutvikling.
- Jærmuseet skal arbeida for å skapa eit godt kompetansemiljø innan bygningshandverk, konservering og samlingsforvaltning.

• TRYGG IVARETAKING
Ei kjerneoppgåve for Jærmuseet er å sikra og verna den materielle og immaterielle kulturarven for framtida. Å ta vare på og sikra museet sine samlingar krev gode tilhøve for oppbevaring og tilstrekkeleg grad av sikring. Det gjeld både for gjenstandar, foto, arkiv og for den store samlinga av kulturhistoriske bygg som museet forvaltar.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:
- Samlokalisera samlingar frå ulike bygdemuseum inn i nye og moderne fellesmagasin. Det gjeld både gjenstandar og arkivmateriale.
- Legga til rette for at den handlingsborne kunnskapen blir tatt vare på gjennom aktiv bruk.
- Arbeida for ei sikker langtidsbevaring av digitalt materiale, mellom anna i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Arkivverket.
- Utvikla gode skjøtselsrutinar for dei kulturlandskapa og museumshagane som museet forvaltar, tufta på kunnskap om biologisk mangfald, nyttevekstar og kulturplanter i vår region.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:
Årlege handlingsplanar, Innsamlingsplan, Plan for registrering og katalogisering, Bevaringshandboka, Sikringsplan, Digitaliseringsplan.



Foto: Jærmuseet


Foto: Reidar Årstad

FORSKING
OG KUNNSKAPSUTVIKLING

OVERORDNA MÅL:

Jærmuseet skal styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med internasjonal, nasjonal og regional relevans, og auka den vitskaplege og faglege kompetansen i staben.

Forsking og kunnskapsutvikling er ei av kjerneoppgåvene til musea. Ny kunnskap bør utfordra sjølvforståing vår og skapa nye blikk.



Foto: Nils Peder Lossius-samling / Jærmuseet

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Driva eiga forsking, og oppfordra andre fagmiljø til å forska på dei temaa og fagområda som Jærmuseet har særleg ansvar for.
- Vera det leiande museet innan dokumentasjon av det moderne jordbruket.
- Forskingsresultat og anna kunnskapsproduksjon i Jærmuseet skal gjerast kjent og formidlast gjennom ulike publiseringskanalar og formidlingsplattformar som for eksempel artiklar og utstillingar.
- Utvikla samarbeidet med UH-sektoren, dei faglege museumsnettverka og andre relevante institusjonar og fagmiljø.
- Legga til rette for at kvalifiserte medarbeidarar får utvikla kvalifikasjonar og kompetanse med mål om m.a. NMF-autorisasjon og doktorgrad.
- Legga vekt på vitskapleg kompetanse og faglege utviklingspotensiale ved rekruttering til fagstillingar.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:

Årlege handlingsplanar, Plan for forsking og kunnskapsutvikling.



Foto: Jan Nordtveit



Foto: Helge Skodvin / Kystverket

RELEVANT
FORMIDLING

OVERORDNA MÅL:

Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking. Formidlinga i Jærmuseet skal opplevast som relevant, aktuell og utfordrande, og skapa engasjement, undring og refleksjon hos breie publikumsgrupper.

FORMIDLING I JÆRMUSEET

Formidlinga i Jærmuseet skal fremja ytringskultur og meiningsbryting.

I Jærmuseet si formidlinga inngår både utstillingar, miljøutstillingar, tun og bygningar og anna formidling som aktivitetsdagar og arrangement for publikum, undervising for skular og barnehagar, og ulike former for digital formidling.

Vitenpedagogikk er felles pedagogisk plattform for Jærmuseet sine anlegg.




Foto: Jærmuseet



Foto: Jærmuseet

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Utvikla, fornya og aktualisera basisutstillingane.
- Bruka digitale verktøy som forsterkar formidlinga og når nye målgrupper
- Barn, unge og barnefamiliar er museet si hovudmålgruppe, samt barn og unge i organisert formidling.
- Sørga for at alle elevar i Rogaland får formidling på eller frå vitensenteravdelingane i Jærmuseet.
- Styrka den forskingsbaserte formidlinga, bygd både på eiga forsking og dokumentasjon, og vera arena for forskingsformidling frå eksterne fagmiljø.
- Utvikla nye formidlingskonsept bygd på samskaping og medverknad frå ulike publikums-grupper.
- Utvikla og forbetra evalueringsverktøy og publikumsundersøkingar.
- Utvikla anlegga som interessante reisemål for både lokalbefolkninga og tilreisande.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:

Årlege handlingsplanar, Plan for formidling, Plan for formidling til barn og unge, Marknads- og kommunikasjonsplan.



Foto: Bodil Bay Schultz



Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet

FORANKRING

OVERORDNA MÅL:

«Jærmuseet er forankra på Jæren – med band til heile verden»

Kunnskap om fortida gir eit tryggare blikk mot framtida.

Alle innbyggarane i regionen skal ha enkel tilgang til den lokale og regionale kulturarven. Museet skal bidra til å styrka lokal identitet, men samtidig setta vår eigen kulturarv inn i større nasjonale og internasjonale samanhengar som fremjar større forståing mellom ulike kulturar og grupper.

Gjennom Nasjonalt Garborgsenter har Jærmuseet ei særleg forankring i den nynorske kulturarven og ansvar for å nytta det nynorske skriftsspråket.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Halda tett kontakt med stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune.
- Utvikla anlegga i Jærmuseet som lokale/regionale møteplassar og bygga fellesskap, i samspel og dialog med dei ulike brukargruppene.
- Samarbeida med ulike målgrupper i lokalsamfunna som speglar eit mangfald innan kulturell og sosial bakgrunn, funksjonsevne, skular og barnehagar, organisasjons- og næringsliv.
- Styrka og utvikla rolla som regionalt vitensenter for heile Rogaland
- Styrka posisjonen og kjennskapen til Jærmuseet regionalt, nasjonalt og internasjonalt, m.a. gjennom samarbeid og deltaking i internasjonale og nasjonale organisasjonar og faglege nettverk.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:

Årlege handlingsplanar, aktivitetsprogram, Marknads- og kommunikasjonsplan



Foto: Ingunn Aase Hovelsrud / Jærmuseet



Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet



Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet

FORRETNING

OVERORDNA MÅL:
«Det skal svara seg»

Berekraftig kulturpolitikk krev at kulturinstitusjonar, musea inkludert, skal drifta effektivt og utvikla inntektssida i stabile tider.

Jærmuseet har som mål å skapa eit stabilt høgt nivå på inntektene frå forretningsdrifta i museet, slik at me får ei lønsam og føreseieleg drift av dei kommersielle områda.

For å oppnå dette må me vera ein unik og attraktiv møteplass for ulike kundegrupper og det allmenne publikum.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:
- Utvikla Jærmuseet som ein lærerik, spennande og nyskapande arena
- Levera opplevingar og publikumstilbod av god kvalitet
- Auka lønsemd i dei kommersielle aktivitetane
- Jobba aktivt for sponsoravtalar, private og offentlege prosjektmidlar og gåvetildelingar.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:
Forretningsplan, Marknads- og kommunikasjonsplan.


Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet


Foto: Lise Bjelland


Foto: Jærmuseet


Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet


Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet

ORGANISASJON

OVERORDNA MÅL:

Jærmuseet skal vera ope for endring, utvikling og omstilling, og ha ein tilpassingsdyktig organisasjon som utforskar nye moglegheiter for framtida.

Eit overordna mål for musea er å styrka og utvikla musea som tillitsberande kunnskapsinstitusjonar inn i ei ny tid. Musea skal vera autonome organisasjonar med «armlengds avstand» til nasjonale, regionale og lokale forvaltningsnivå, sponsorar, ulike finansieringskjelder eller andre eksterne aktørar og interessentar.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Legga vekt på fagleg utvikling, kvalitet og profesjonalitet innanfor alle arbeidsområde i organisasjonen, og invitera til eksterne evalueringar og kritiske blikk utanfrå.
- Styrka tillit, fellesskap og samarbeid internt, mellom kollegaer og mellom avdelingar.
- Nytta nynorsk som administrasjonsspråk.
- Vurdera museet si verksemd i lys av FN sine berekraftmål, og innarbeida berekraftsmåla i større delar av verksemda og i dagleg drift.
- Kontinuerleg vurdera optimal ressursutnytting, kompetanse og organisering ut frå behovet i organisasjonen.
- Legga til rette for at medarbeidarane våre får utvikla og styrka kvalifikasjonane og kompetansen innan sine arbeidsområde.
- Sørga for at den samla leiinga i Jærmuseet har brei kompetanse innan aktuelle fagområde, inkludert forsking.

TILTAK OG PRIORITERINGAR:

Årlege handlingsplanar



Foto: Victoria Bergort / Byggelaget



Foto: Inger Undheim / Jærmuseet